

Dato: 18.11.2016  
Arkiv: 217

## Kontrollutvalet

### SAK 30/16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – BARNEVERN

#### Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. (09.11.2016). *Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Barnevern – Volda kommune.*

#### Saksopplysningar

##### Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i forbindelse med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 30/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent i sak 18/16. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, om tilsynsføransvaret fungerer tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013- 2015.

Formålet med prosjektet er å sette søkelys på situasjonen og peike på mulig forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

#### • MÅLSETTING

I høve rapporten er formålet med prosjektet å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer.

Revisjonen viser til at det etter innspel frå ein rådmann, vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS- sine satsar m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vert følgd for den enkelte fosterheim.

Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal.

#### • PROBLEMSTILLINGAR

Problemstillingar som skal belysast:

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkomande i verksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking

2. Fylgjer kommunen regelverket m.h.t. tilsynsførarrolla.

Underveis i arbeidet kom det fram informasjon som kan vere nyttig å få belyst og prosjektet inneheld derfor i tillegg

3. Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket
4. Samanlikning mellom kommunane

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS kjem med følgjande vurderingar og konklusjonar:

### **Problemstilling 1:**

#### **Fylgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking**

Det har i kontrollperioden 2013 – 2015 vore sju omsorgsovertakingar. Av dei 7 omsorgsovertakingane var 4 plasserte i familie/nære relasjonar.

Kommunen har tilfredstillande rutinar i høve utarbeiding av tiltaksplanar, men planar mangla i ei av sju saker.

Ved seks av sju omsorgsovertakingar i kontrollperioden var det sett i verk eit eller fleire tiltak over tid i heimen før omsorgsovertaking. Det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere type tiltak og omfang.

I ei sak var det ikkje sett i verk tiltak før omsorgsovertaking. I denne saka hadde omsorgsovertakinga vorte omgjort til hjelpetiltak etter eit år, og er fortsatt eit hjelpetiltak.

Det mangla omsorgsplanar for ei av sju omsorgsovertakingar.

Det låg føre lite eller ingen informasjon i høve tiltak eller oppfølging av opphavlege foreldre/heim etter omsorgsovertakinga.

Kommunen hadde totalt 12 omsorgsbarn i 2015, herav 3 plasserte i kommunen, 7 omsorgsbarn plassert i andre kommunar og 2 på institusjon. Barnevernet si lovpålagte oppfølging av fosterheim/omsorgsbarn har ikkje fungert tilfredstillande etter gjeldande regelverk, då barna(fosterheimane) ikkje har hatt tilstrekkeleg med årlege oppfølgingsbesøk. Iflg barnevernsleiar er det i 2016 sett i verk tiltak kring dette.

Politiattest i høve fosterheimsplasseringar der det interkommunale barnevernet v/Volda kommune er oppdragsgivar vert innhenta og oppbevart, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

### **Problemstilling 2:**

#### **Fylgjer kommunen regelverket mht. Tilsynsførarrolla**

Barnevernet har ansvar for at alle omsorgsbarn får oppnemnd uavhengig tilsynsførar, men det er fosterheimskommunen som har tilsynsansvaret. Det er krav om 4 årlege besøk.

Barnevernet i Volda hadde tilsynsansvar for 34 barn med fosterheim i Volda (tilsynsbarn), herav 31 barn frå andre kommunar.

Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Volda kommune vert ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då meir enn halvparten av tilsynsborna ikkje har fått dei rettmessige tilsyn i kontrollperioda. Barnevernet må også vurdere om rutiner for oppnevning av tilsynsførar i eiga kommune er god nok då kontrollen viser at det i ein del tilfeller går lang tid mellom plassering og oppnevning.

Kommunen hadde 7 omsorgsbarn plassert i andre kommunar. Oppfølging av kommunen sine omsorgsbarn som var plasserte i fosterheim i andre kommunar har heller ikkje vore tilfredsstillande. Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande tilsyn hjå fosterheim også utanfor eiga kommune, sjølv om det er fosterheimskommunen sitt ansvar å oppnemne tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet.

Tilsynsfører skal ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Det er ikkje etablert rutine kring eigenvurderingar eller andre tiltak m.o.t. vurdering og dokumentasjon av tilsynsførar si uavhengigheit, og dette er derfor ikkje kontrollert.

Kommunen har rutiner kring innhenting av politiattestar, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

### **Problemstilling 3:**

#### **Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket**

KS ( Kommunenes sentralforbund) utarbeider veileiande satsar for utgiftdekning og arbeidsgodtgjersle til fosterheimar.

Det er betalt ekstra arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar til 17 av 21 fosterheimar med tildels betydelege beløp, samla utbetaling utbetaling utover KS-sats utgjør kr. 2.551.264,-.

Når det gjeld utgiftdekning er det utbetalt utover KS-sats i nær halvparten av tilfella, utbetaling utover KS-sats varierar frå 35' -59' pr barn.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn (ca kr 180.000) høgast i Volda, der Sande er lågast då det ikkje vert utbetalt godtgjersle utover KS-satsar. Det er ikkje undersøkt om det er dekt tap arbeidsgodtgjersle/frikjøp frå arbeid eller utbetalt anna kostnadsdekning i tillegg.

### **Problemstilling 4:**

#### **Samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre.**

Det er registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det er vidare registrert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

Volda kommune er på gjennomsnittet andel nye meldingar pr. barn 0-17 år( 3,5), lågast er Ulstein (2,1). Det same gjeld undersøkingar pr. barn 0-17 år(2,9) der Ulstein er lågast (1,9), men kjem dårleg ut når det gjeld undersøkingar pr. årsverk ( 5,4) mot Hareid høgast (10,7).

Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år viser i Volda ein andel på 4,5 % (høgast) medan Ulstein har lavast andel 2,3 %. Kommunen ligg på snittet 0,72% m.o.t. barn under omsorg pr barn 0-17 år samanlikna med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, og her er Sande lågast med 0,41%, Herøy 0,5% og Ørsta 0,55%. Hareid er høgast med 1,33. Ser ein hjelpetiltak born pr årsverk ligg kommunen på snittet med 8,4, her er Ørsta høgast med 9,8 og Vanylven lavast med 4,7.

Volda brukar minst pr. barn 0-17 år når det gjeld totale utgifter til hjelpetiltak, og ligg på snittet i kostnader når det gjeld barn under omsorg. Totale kostnader til barnevern er på kr 7 754 pr. barn 0-17 år. Vanylven, Hareid og Ulstein brukar mest, Sande minst.

Samanlikning mellom kommunane kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (forebyggande) får dette igjen i form av færre omsorgsovertakingar. Omsorgsovertaking kan vere kostbart, men det er og stor variasjon innan kommunane m.o.t utbetalingar til fosterforeldre.

#### Forslag til innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande Forvaltningsrevisjonsprosjektet - Barnevern – Volda kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 09.11.2016).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
  1. Barnevernstenesta må etablere rutiner som sikrar at det vert utarbeida omsorgsplanar for alle omsorgsbarn (førebels eller endeleg plan).
  2. Det må vurderast om regelverket vert fulgt når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
  3. Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
  4. Det må etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
  5. Det må etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert makulert etter opphør av tilsetjingsforholdet.
  6. Rapporteringa til Fylkesmann og SSB ( KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2017**.



Jostein Støylen  
Dagleg leiar



Ada Elise Håberg  
Konsulent

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

# BARNEVERN



## VOLDA KOMMUNE

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

# Forord

---

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; **Barnevern – Tiltak, tilsyn, rutinar**. Prosjektet er ein del av etterlevelser revisjon jfr revisjonsplan vedteke i kontrollutvalet i sak 30/15.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*" (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i henhold til standard for forvaltningsrevisjon - RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke administrasjonen v/barnevernstenesta for bistand i arbeidet med prosjektet.

Larsnes 09.11.2016

Halldis Moltu

Registrert revisor

**Innholdsfortegnelse**

SAMANDRAG .....	5
Anbefalinger .....	8
<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>9</b>
1.1 Tilsyn- Fylkesmannen .....	9
1.2 Målsetting og problemstilling .....	9
1.3 Revisjonskriterier .....	10
1.3.1 Innleiing .....	10
1.3.2 Kjelder til kriterium .....	10
<b>2 METODE OG GJENNOMFØRING .....</b>	<b>10</b>
2.1 Verifisering av data .....	11
2.2 Avgrensing .....	11
<b>3 PROBLEMSTILLING 1: .....</b>	<b>11</b>
3.1 Innleiing .....	11
3.2 Revisjonskriterium .....	11
3.2.1 Tiltaksplan .....	11
3.2.2 Førebels og endeleg omsorgsplan .....	12
3.2.3 Barnevernet sitt tilsyn med fosterheim – omsorgsbarn .....	12
3.2.4 Forskrift om politiattest .....	13
3.2.5 Oppsummering .....	13
3.3 Hjelpetiltak og tiltaksplanar- fakta .....	13
3.3.1 Hjelpetiltak og tiltaksplanar – rapportering til fylkesmannen .....	13
3.3.2 Hjelpetiltak før omsorgsovertaking .....	14
3.3.3 Hjelpetiltak etter omsorgsovertaking .....	14
3.3.4 Barnevernet sitt oppfølgingstilsyn med fosterheim .....	15
3.3.5 Politiattest .....	16
3.4 Vurdering .....	16
3.3.3 Konklusjon .....	17
<b>4 PROBLEMSTILLING 2: .....</b>	<b>18</b>
Følgjer kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla ? .....	18
4.1 Innleiing .....	18
4.2 Revisjonskriterium .....	18
4.2.1 Tilsynsførar-tilsyn med barn i fosterheim .....	18
4.2.2 Tilsynsførar-tilsyn med barn i institusjon .....	18
4.2.3 Tilsynsførar-uavhengigheit, politiattest og rapportering .....	19
4.3 Tilsynsførarrolla .....	19
4.3.1 Kontroll av tilsynsførarordninga .....	19

4.4	Vurdering .....	21
4.3.3	Konklusjon .....	23
5	ARBEIDSGODTGJERSLE OG UTGIFTSDEKNING – følger kommunen regelverket.....	23
5.1	Innleiing .....	23
5.2	Revisjonskriterium .....	24
5.3	Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning - fakta og vurdering .....	24
5.3.1	Fakta .....	24
5.3.2	Vurdering .....	26
5.3.3	Konklusjon .....	27
6	SAMANLIKNING MELLOM KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE.....	27
6.1	Innleiing .....	27
6.2	Fakta .....	27
6.2.1	Stillingar .....	27
6.2.2	Nøkkeltal.....	28
6.3	Vurdering og konklusjon.....	29
7	DRIFTSUTGIFTER - barnevernstenesta .....	31
7.1	Rekneskapstal henta frå kommunane fordelt på funksjon .....	31
7.2	Vurdering og konklusjon.....	33
8	ANBEFALING .....	33
9	RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING.....	34
10	VÅRE KOMMENTARAR.....	34
11	LITTERATURLISTE .....	35

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i forbindelse med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 30/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent i sak 18/16. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013- 2015.

### Problemstillingar som skal belysast:

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkomande i verksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking
2. Fylgjer kommunen regelverket m.h.t. tilsynsførarrolla.

Underveis i arbeidet kom det fram informasjon som kan vere nyttig å få belyst og prosjektet inneheld derfor i tillegg

- 3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket
- 4 Samanlikning mellom kommunane

Barnevernstenesta i kommunen er organisert som ein del av det interkommunale barnevernet. Iflg rapportering til SSB er det er 10,3 stillingar knytt til barnevernstenesta. I rapportering til Fylkesmannen for 2.halvår 2015 viser dette 9,3 stillingar. Rapportering til SSB og til fylkesmannen er ikkje heilt samanfallande.

### Problemstilling 1: Fylgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking

Det har i kontrollperioden 2013 – 2015 vore sju omsorgsovertakingar. Av dei 7 omsorgsovertakingane var 4 plasserte i familie/nære relasjonar.

Kommunen har tilfredstillande rutinar i høve utarbeiding av tiltaksplanar, men planar mangla i ei av sju saker.

Ved seks av sju omsorgsovertakingar i kontrollperioden var det sett i verk eit eller fleire tiltak over tid i heimen før omsorgsovertaking. Det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere type tiltak og omfang.

I ei sak var det ikkje sett i verk tiltak før omsorgsovertaking. I denne saka hadde omsorgsovertakinga vorte omgjort til hjelpetiltak etter eit år, og er fortsatt eit hjelpetiltak.

Det mangla omsorgsplanar for ei av sju omsorgsovertakingar.

Det låg føre lite eller ingen informasjon i høve tiltak eller oppfølging av opphavlege foreldre/heim etter omsorgsovertakinga.

Kommunen hadde totalt 12 omsorgsbarn i 2015, herav 3 plasserte i kommunen, 7 omsorgsbarn plassert i andre kommunar og 2 på institusjon. Barnevernet si lovpålagte oppfølging av fosterheim/omsorgsbarn har ikkje fungert tilfredstillande etter gjeldande regelverk, då barna(fosterheimane) ikkje har hatt tilstrekkeleg med årlege oppfølgingsbesøk. Iflg barnevernsleiar er det i 2016 sett i verk tiltak kring dette.

Politiattest i høve fosterheimsplasseringar der det interkommunale barnevernet v/Volda kommune er oppdragsgivar vert innhenta og oppbevart, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

### **Problemstilling 2 Fylgjer kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla**

Barnevernet har ansvar for at alle omsorgsbarn får oppnemnd uavhengig tilsynsførar, men det er fosterheimskommunen som har tilsynsansvaret. Det er krav om 4 årlege besøk. Barnevernet i Volda hadde tilsynsansvar for 34 barn med fosterheim i Volda (tilsynsbarn), herav 31 barn frå andre kommunar.

Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Volda kommune vert ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då meir enn halvparten av tilsynsbarna ikkje har fått dei rettmessige tilsyn i kontrollperioda. Barnevernet må også vurdere om rutiner for oppnevning av tilsynsførar i eiga kommune er god nok då kontrollen viser at det i ein del tilfeller går lang tid mellom plassering og oppnevning.

Kommunen hadde 7 omsorgsbarn plassert i andre kommunar. Oppfølging av kommunen sine omsorgsbarn som var plasserte i fosterheim i andre kommunar har heller ikkje vore tilfredsstillande. Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande tilsyn hjå fosterheim også utanfor eiga kommune, sjølv om det er fosterheimskommunen sitt ansvar å oppnemne tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet.

Tilsynsfører skal ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Det er ikkje etablert rutine kring eigenvurderingar eller andre tiltak m.o.t. vurdering og dokumentasjon av tilsynsførar si uavhengigheit, og dette er derfor ikkje kontrollert.

Kommunen har rutiner kring innhenting av politiattestar, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

### **Problemstilling 3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket**

KS ( Kommunenes sentralforbund) utarbeider veileiande satsar for utgiftdekning og arbeidsgodtgjersle til fosterheimar.

Det er betalt ekstra arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar til 17 av 21 fosterheimar med tildels betydelege beløp, samla utbetaling utbetaling utover KS-sats utgjør kr. 2.551.264,-.

Når det gjeld utgiftdekning er det utbetalt utover KS-sats i nær halvparten av tilfella, utbetaling utover KS-sats varierar frå 35'-59' pr barn.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn (ca kr 180.000) høgast i Volda, der Sande er lågast då det ikkje vert utbetalt godtgjersle utover KS-satsar. Det er ikkje undersøkt om det er dekt tap arbeidsgodtgjersle/frikjøp frå arbeid eller utbetalt anna kostnadsdekning i tillegg.

### **Problemstilling 4: Samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre.**

Det er registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det er vidare registrert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

Volda kommune er på gjennomsnittet andel nye meldingar pr. barn 0-17 år( 3,5), lågast er Ulstein (2,1). Det same gjeld undersøkingar pr. barn 0-17 år(2,9) der Ulstein er lågast (1,9), men kjem dårleg ut når det gjeld undersøkingar pr. årsverk ( 5,4) mot Hareid høgast (10,7).

Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år viser i Volda ein andel på 4,5 % (høgast) medan Ulstein har lavast andel 2,3 %. Kommunen ligg på snittet 0,72% m.o.t. barn under omsorg pr barn 0-17 år samanlikna med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, og her er Sande lågast med 0,41%, Herøy 0,5% og Ørsta 0,55%. Hareid er høgast med 1,33.

Ser ein hjelpetiltak born pr årsverk ligg kommunen på snittet med 8,4, her er Ørsta høgast med 9,8 og Vanylven lavast med 4,7.

Volda brukar minst pr. barn 0-17 år når det gjeld totale utgifter til hjelpetiltak, og ligg på snittet i kostnader når det gjeld barn under omsorg. Totale kostnader til barnevern er på kr 7 754 pr. barn 0-17 år. Vanylven, Hareid og Ulstein brukar mest, Sande minst.

Samanlikning mellom kommunane kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (forebyggande) får dette igjen i form av færre omsorgsovertakingar.

Omsorgsovertaking kan vere kostbart, men det er og stor variasjon innan kommunane m.o.t utbetalingar til fosterforeldre.

## Anbefalingar

- 1 Barnevernstenesta må etablere rutiner som sikrar at det vert utarbeida omsorgsplanar for alle omsorgsbarn (førebels eller endeleg plan).
- 2 Det må vurderast om regelverket vert fulgt når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
- 3 Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
- 4 Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
- 5 Det bør etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert makulert etter opphør av tilsetjingsforholdet.
- 6 Rapporteringa til Fylkesmann og SSB ( KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.

# 1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Volda kommune gjorde i forbindelse med godkjenning av revisjonsplanen for 2015 i sak 30/15 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektplan vart lagt fram og godkjent i sak 18/16. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, og om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Prosjektet skulle avgrensast til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013- 2015, men for vurdering av tiltak før omsorgsovertakelse har vi sett tilbake på tidlegare periodar.

Vidare skulle vi vurdere om kommunen nyttar KS (Kommunenes sentralforbund) sine satsar ved utbetaling av arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning, samt foreta samanlikning mellom kommunane på Søre Sunnmøre.

Barnevernstenesta i kommunen er organisert som ein del av det interkommunale barnevernet. Iflg rapportering til SSB er det er 10,3 stillingar knytt til barnevernstenesta. I rapportering til Fylkesmannen for 2.halvår 2015 viser dette 9,3 stillingar. Rapportering til SSB og til fylkesmannen er ikkje heilt samanfallande, dette kjem vi tilbake til i pkt 6.2.

## 1.1 Tilsyn- Fylkesmannen

Fylkesmannen skal føre tilsyn med barnevernet i den enkelte kommune. Det vil seie at Fylkesmannen skal kontrollere at kommunane følgjer barnevernslova, gje kommunane råd og rettleiing og føre tilsyn med barnevernsinstitusjonane. Barnevernet rapporterer til Fylkesmannen to gongar i året, i tillegg kan Fylkesmannen kome på varsla tilsyn.

Fylkesmannen varsla tilsyn i det interkommunale barnevernet 22.10.2014 m.o.t. fristbrot i undersøkesaker. I flg brev av 20.03.2015 konkluderte fylkesmannen med at av dei 9 kontrollerte sakene var det ingen av sakene som hadde blitt liggande og ikkje starta opp, eller utan at barnevernet hadde kjennskap til situasjonen til barnet. Vidare gjekk det fram at i mange saker vart det ikkje korrekt rapportert m.o.t. tidspunkt. 16.09.2015 vart det halde oppfølgingsmøte med fylkesmannen med gjennomgang av halvårsrapportering.

## 1.2 Målsetting og problemstilling

Formålet med prosjektet var å få belyst om barnevernet i kommunen set i verk tiltak i heimen for å hjelpe heimen på best muleg måte, dvs. prøve det som er muleg i heimen til beste for barnet før omsorgsovertaking vert gjennomført. Vidare om barnet og foreldre får den oppfølging som regelverket krev i etterkant av omsorgsovertaking, og at tilsynsansvaret fungerer. Etter ønske frå ein rådmann vart prosjektet utvida til å omfatte ei vurdering om KS-sine satsar m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vert følgd for den enkelte fosterheim. Det vart også lagt til prosjektet ei samanlikning av bemanning og nøkkeltal.

Dette gir følgjande problemstillingar:

- 1 Fylgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking ?
- 2 Fylgjer kommunen regelverket m.o.t. tilsynsførarrolla.
- 3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning – fylgjer kommunen regelverket
- 4 Bemanning og andre samanlikningar mellom kommunane på Søre Sunnmøre

## 1.3 Revisjonskriterier

### 1.3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriteriet i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

### 1.3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova), 1992, sist endra 2015
- Forskrift om fosterheim (2003) Barne og familiedepartementet, sist endra i 2014\*
- Rutinehåndbok for barnevernstjenesten i kommunane, 2006
- Veileder: Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterhjem eller på institusjon, 2009
- Veileder: Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten, 2006.
- Veileder Tilsyn med barn i fosterheim 02/2015 (\*ikkje nytta pga at kommunen ikkje har endra praksis)
- KS-satsar for utgiftsdekning og arbeidsgodtgjersle
- BUF etat sine retningslinjer for dekking av utgifter til fosterheim

## 2 METODE OG GJENNOMFØRING

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Undersøkinga består av analyse av relevante dokument, rutinar og samtaler/ intervju ved behov. Alle omsorgsovertakingar i kontrollperioden vert kontrollerte m.o.t. omfang av tiltak før og etter omsorgsovertaking. Om alle har hatt tiltaksplanar før omsorgsovertaking og vedteken omsorgsplan etter omsorgsovertaking. Vidare vurdert om alle omsorgsborn vert fylgd opp av barnevernet i etterkant, og at tilsynsførarordninga fungerer. I den samanheng vart det nytta både saksmappene og utskrifter frå sakshandsamingssystemet Familia.

### **Sakshandsamingssystemet Familia:**

Barnevernstenesta nyttar sakshandsamingssystemet Familia. Dette er eit elektronisk sakshandsamingssystem. Systemet skal omfatte heile sakshandsamingsprosessen, og

inneheld ein del malar for dette arbeidet. Kontrollarbeidet bygg på rapportar frå systemet som igjen har gitt grunnlag for å gå i klientmappene.

#### **Gjennomgang av klientmappene:**

Det vart opplyst at all skriftleg dokumentasjon som er knytt til barnevernssakene ligg føre i klientmappene, og det er desse som er grunnlaget for kontrollen.

## **2.1 Verifisering av data**

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 17/10-2016.

## **2.2 Avgrensing**

Prosjektet er avgrensa til å gjelde saker som har ført til omsorgsovertaking i perioden 2013-2015, men for vurdering av tiltak før omsorgsovertakelse har vi sett tilbake på tidlegare periodar. Når det gjeld arbeidsgodtgjersle/utgiftsdekning og kostnader til barnevernet fordelt på funksjon er dette avgrensa til å gjelde 2015.

## **3 PROBLEMSTILLING 1:**

### **Fylgjer kommunen regelverket vedkomande iverksetting av tiltak før og etter omsorgsovertaking?**

#### **3.1 Innleiing**

Barnevernstenesta skal sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien når det er behov for det. Tiltak kan iverksettast når foreldre ber om hjelp på grunn av forhold i heimen, og som resultat av bekymringsmeldingar eller av andre grunnar. Typiske hjelpetiltak kan vere råd og rettleiing til foreldre, avlastningsheimar, støttekontakt/ leksehjelp og evt. div økonomisk støtte. Det skal utarbeidast tiltaksplanar.

Omsorgsovertaking er berre aktuelt dersom barnet sin situasjon er alvorleg og hjelpetiltak i heimen ikkje vil vere tilstrekkeleg. Det skal utarbeidast omsorgsplanar. Vidare skal det vurderast fosterheim i familie eller nære relasjonar ved omsorgsovertaking. Akuttvedtak, dvs. midlertidig vedtak om å plassere barn utanfor heimen kan gjennomførast viss det er fare for liv og helse for barnet.

#### **3.2 Revisjonskriterium**

##### **3.2.1 Tiltaksplan**

**Tiltaksplan etter barnevernslova § 4-5:**

*Når hjelpetiltak vedtas, skal barneverntjenesten utarbeide en tidsavgrenset tiltaksplan. Barneverntjenesten skal følge nøye med på hvordan det går med barnet og foreldrene og vurdere om hjelpen er tjenlig, eventuelt om det er nødvendig med nye tiltak, eller om det er grunnlag for omsorgsovertakelse. Tiltaksplanen skal evalueres regelmessig.*

**Tiltaksplaner i barneverntjenesten – en veileder:**

*Tiltaksplanar er viktige virkemidlar for å sikre foreldre og barn god informasjon om korleis barnevernet forstår og vurderar deira sak. Ved at barnevernet underbygg openheit og dialog medvirkar dei til auka forutsigbarheit, noko som er eit vesentleg element i forhold til klientane si rettsikkerheit. Element som skal inngå i ein tiltaksplan: Situasjonsbeskrivelse, målbeskrivelse, tiltaktsbeskrivelse, tidsperspektiv og evaluering.*

Når det er fatta vedtak om hjelpetiltak etter barnevernslova § 4-4 skal barnevernstenesta i kommunen utarbeide ein tidsavgrensa tiltaksplan, jf. bvl. § 4-5. Planen skal gjere greie for dei tiltak som er sett i verk, føremålet med tiltaka og vidare plan for oppfølging av tiltaka. Planen bør derfor presisere når tiltak skal evaluerast og på kva måte evalueringa skal skje.

Tiltaksplanen er eit sjølvstendig dokument. Den er ikkje eit enkeltvedtak og skal heller ikkje vere ein del av et vedtak. *Lova føreset likevel at tiltaksplanen skal ligge føre samtidig med vedtaket og at det bør gå fram av vedtaket at tiltaksplan er utarbeida.*

### 3.2.2 Førebels og endeleg omsorgsplan

**Førebels og endeleg omsorgsplan etter barnevernslova § 4-15:**

*Allerede ved omsorgsovertakinga skal barneverntjenesten vedta plan for barnets omsorgssituasjon. Senest to år etter fylkesnemndas vedtak skal barneverntjenesten vedta en plan for barnets framtidige omsorgssituasjon som ikke skal endres uten at forutsetningene for den er falt bort*

Formålet med planane er å tydeleggjere kva føresetnader som ligg til grunn for omsorgsovertakinga og korleis barnet skal følgjast opp. For barn over 18 år skal det også utarbeidast ein framtidig plan ( krev samtykke frå barnet)

**Av Rettleiar for tiltaks- og omsorgsplanar :**

*Selv om barneverntjenesten ikke er pålagt i barnevernsloven å legge fram utkast til foreløpig omsorgsplan for fylkesnemnda, anbefales en slik praksis. Som et siste punkt i saksframlegget vil den foreløpige omsorgsplanen kunne ha en viktig funksjon ved at den klargjør og oppsummerer hvilke intensjoner barnevernstjenesten har når det foreslår omsorgsovertakelse og plassering utenfor hjemmet. Planen vil danne utgangspunkt for barneverntjenestens forslag.*

### 3.2.3 Barnevernet sitt tilsyn med fosterheim – omsorgsbarn

Det går fram av fosterheimsforskrifta § 7 først ledd at barnevernstenesta i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen.

Oppfølginga skal skje minimum 4 gonger pr. år. Om barnevernet har vurdert forholda i fosterheimen som gode kan ein vedta at antal besøk skal reduserast til minimum 2 gonger i året for barn som har vore plasserte i meir enn to år.

### 3.2.4 Forskrift om politiattest

#### **Forskrift om politiattest § 3, § 4 og § 8:**

*Barneverntjenesten skal kreve politiattest etter barnevernloven § 6-10 første ledd fra støttekontakter og andre som utfører oppgaver for barneverntjenesten som ledd i hjelpetiltak etter lovens § 4-4.*

Det går fram av § 3 at politiattest gjeld og for fosterforeldre og personer som tek i mot barn som heildøgns avlastningstiltak i sin private heim.

Vidare går det fram av § 8 at politiattesten skal av kontrollomsyn oppbevarast av det organ eller institusjon som etter forskrifta er ansvarleg for å krevje politiattest framlagt. Politiattesten skal oppbevarast forsvarleg og på ein slik måte at uvedkomande ikkje får tilgang til den. Politiattesten skal oppbevarast så lenge vedkomande har stillinga eller oppdraget.

### 3.2.5 Oppsummering

- Ved vedtak om hjelpetiltak skal barnevernstenesta utarbeide ein tiltaksplan og tiltaksplanen skal evaluerast regelmessig.
- Det bør ligge ved førebels omsorgsplan i saksframlegget til fylkesnemnda. Etter vedtak i fylkesnemnda om omsorgsovertaking skal det utarbeidast ein endeleg omsorgsplan for barnet seinast to år etter at omsorgsovertakinga fann stad, under føresetnad at førebels omsorgsplan ligg føre.
- Barnevernstenesta skal føre tilsyn med fosterheim og omsorgsbarn minimum 4 gonger pr. år dei to første omsorgsåra, deretter kan det vedtakast oppfølging
- 2 gonger pr. år
- Alle som utfører hjelpetiltak eller omsorgsvedtak skal legge fram politiattest, og politiattest skal oppbevarast forsvarleg så lenge vedkomande er i stillinga/oppdraget

## 3.3 Hjelpetiltak og tiltaksplanar- fakta

### 3.3.1 Hjelpetiltak og tiltaksplanar – rapportering til fylkesmannen

Volda kommune	2015		2014		2013	
	2.halvår	1.halvår	2.halvår	1.halvår	2.halvår	1.halvår
Antal barn med hjelpetiltak	85	85	88	74	71	78
Antal barn med tiltaksplan	76	75	68	45	69	66
Antal barn under omsorg	12	10	14	14	15	12
Antal barn med omsorgsplan	9	9	10	8	9	9
Antal barn utan omsorgsplan	3	1	4	6	6	3

Fylkesmannen si rapportering for 2 halvår viser at 89 % av barn med tiltak har tiltaksplan og 75 % av barn under omsorg har omsorgsplan.

Kostra-rapporteringa er ikkje i samsvar med dette, då denne viser at i 2015 var det 86 % av barn med tiltak som hadde tiltaksplan og 64 % av born under omsorg hadde omsorgsplan.

### 3.3.2 Hjelpetiltak før omsorgsovertaking

Kommunen hadde 7 omsorgsovertakingar i kontrollperioden og tiltaksperioden med hjelpetiltak før omsorgsovertaking varierer både i omfang (antal tiltak) og i tidsperiode, jfr oversikt nedanfor. Ved eit tilfelle har det vore plassering utan hjelpetiltak i forkant, men plassering har skjedd i fosterheim familie/nettverk.

Klient	Tiltaksperioden	Tiltaksplan	Beredskapsheim/institusjon	Besøksheim	Barnehage SFO/støttekontakt/fri tidsaktivitet	Råd og veil	Ansvarsgruppe	Tilsyn i heimen	Frivillig tilsyn i heim/hjemmekontakt	Andre tiltak	Antal tiltak før omsorgsovertakelse
1	2008-2009 og	x	x		x (2008)						2
2	2008-2015	x		x	x	x			x		9
3	2009-2013	x		x	x	x				x	6
4	2008-2015	x		x	x	x			x	x	6
5	2013		x								1
6	2008-2015	x		x	x					x	3
7	2014-2015	x		x	x					x	3

Det går fram av tabellen ovanfor at tiltaka kan vere forskjellige; alt frå barnehage/SFO, besøksheim, støttekontakt, råd og veiledning, og div økonomiske tiltak som ferie, utstyr, klede, og andre tiltak som PMTO. Det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere innhald i tiltaksplanar, og kor ofte desse vert revurderte.

Beredskapsheim vert ofte brukt etter eit akuttvedtak og fram til det ligg føre vedtak i fylkesnemda.

### 3.3.3 Hjelpetiltak etter omsorgsovertaking

Klient	Fosterheim fam./nettverk	Fosterheim utenom familie	Institusjon	Omsorgsplan	Besøksheim	Barnehage SFO/Støttekontakt	Andre tiltak	Samvær
1	x			x				pr tlf
2		x		x				x
3	x			x				x
4	x			x		x	x	x
5	x							over 18
6			x	x				x
7			x	x				x

Dei to siste omsorgsovertakelsane er frå desember 2015, og her kan vere sett i verk tiltak i år 2016 (det er ikkje kontrollert, då prosjektet er avgrensa til 2013-2015).

Barnevernet har ansvar for å involvere biologiske foreldre på ein slik måte at det er semje om barnet sitt beste også når det gjeld fosterheimsarbeid. Dei biologiske foreldra er i ein vanskeleg og emosjonell situasjon, og kan føle seg umyndiggjort og makteslause når dei vert fråteken omsorgsfunksjonane. Barnevernstenesta har derfor ei plikt til å følgje opp foreldra etter ei omsorgsovertaking.

Oversikta viser dei tiltak som barnevernet har sett i verk etter omsorgsovertakinga, samt opplysningar om ev. samvær. Det er kun i ei av omsorgsovertakingane det er dokumentert tiltak i ettertid.

### 3.3.4 Barnevernet sitt oppfølgingstilsyn med fosterheim

Barnevernet skal føre tilsyn med fosterheim for å vurdere om denne fungerer til det beste for barnet. Tabellane syner kommunen sine 13 omsorgsbarn som var plasserte i fosterheim/institusjon 2013-2015, derav 5 nye i kontrollperioden. Ein av desse er over 18 år i 2015.

Kommunen hadde pr 31/12-2015 3 omsorgsbarn plasserte i kommunen, 7 omsorgsbarn plasserte i andre kommunar og 2 på institusjon. I tillegg hadde kommunen 8 frivillig plassert/ettervern, men desse er ikkje med her. Tabellen nedanfor viser barnevernet sitt antal oppfølgingsbesøk av fosterheim.

Klientnr	Fosterheimskommune	Oppfølgingsbesøk		
		2015	2014	2013
1	Hareid	0	2	2
2	Nordfjord	3	3	
3	Nordfjord	2	4	
4	Over 18 i år 2015		2	
5	Institusjon			
6	Institusjon			
7	Giske	3	2	6
8	Giske	4	2	4
9	Ålesund	0	1	1
10	Ålesund	2	5	1
11	Volda	1	1	
12	Volda	3	4	
13	Volda	2	2	2

Dei som framstår med raud skrift har hatt for lite tilsyn/besøk, og tabellen tek hensyn til ev. plasseringar midt i året

Det er to plasseringar frå desember 2015, og det kan forklare kvifor tilsyn ikkje har vore utført. Vi har ikkje funne dokumentasjon på at det i nokon av sakene har vore beslutta å ha 2 tilsyn pga at barnet har vore i fosterheim i over 2 år og at forholda er stabile.

### 3.3.5 Politiattest

Det interkommunale barnevernet sine rutinar tilseier at barnevernskonsulentane ansvar for å krevje politiattest av oppdragstakarar som skal ha utbetalt godtgjersle frå Volda kommune som vertskommune. Dette gjeld fosterheimar, besøksheimar og tilsynsførar mv.

Kontorpersonale ved barnevernet registrerar motteken attest ved å hake av i fagsystemet Familia, samt handsame attesten etter gjeldande regelverk om oppbevaring/makulering. Attesten skal ikkje registrerast som innkomen post i Familia. Politiattestane vert oppbevart på mappene til oppdragsansvarleg i lag med teiepliktsskjema, timelister mv.

## 3.4 Vurdering

### Tiltak før omsorgsovertaking-tiltaksplanar:

Av rettleiaren frå BLD går det fram at tiltaksplanar er eit viktig verktøy i barnevernsarbeidet av fleire grunnar; den faglege kvaliteten kan verte styrka på fleire måtar gjennom aktiv bruk av tiltaksplanar, dei sikrar openheit og tydelegheit som er særskild viktig innanfor ei teneste der mange er ambivalent til å motta hjelp og slike planar gir auka forutsigbarheit noko som er vesentlege element i forhold til klientane sin rettstryggleik.

Barnevernstenesta i Volda hadde utarbeida tiltaksplanar for 6 av dei 7 borna som vart omsorgsovertakne i kontrollperioden 2013-2015. I alle desse sakene er det sett i verk fleire tiltak over fleire år.

I ei sak er det ikkje registrert tiltak i perioda før omsorgsovertaking utover beredskapsheim/institusjon, og her mangla det også tiltaksplan.

### Tiltak etter omsorgsovertaking:

I 6 av 7 saker forelåg det omsorgsplan, dvs. at det mangla i ei sak. Det er eit krav at det skal ligge føre foreløpig omsorgsplan ved omsorgsovertakelse, og endeleg omsorgsplan skal ligge føre innan to år etter vedtak i fylkesnemda. Dette er forøvrig same sak som mangla tiltaksplan, jfr ovanfor.

Det låg føre lite eller ingen dokumentasjon i klientmappene om tiltak retta mot opphavlege foreldre/heim, og evt. tiltak med tanke på tilbakeføring. I fgl barnevernsleiar vert mange foreldre følgt opp sjølv om dette ikkje er registrert i klientmapper/fagsystem, og at mykje av kontakta forgår pr. telefon. Det vert og vist til at nokre foreldre ønskjer ikkje å ha kontakt med barnevernet, men at det er kontakt med foreldra i forbindelse med samvær, opptil fleire gongar pr. år. Det er uråd å kontrollere påstandane, og om det er sett inn tiltak for å hjelpe foreldre etter ei omsorgsovertaking då det ikkje er dokumentasjon/kontrollspor.

Kontrollen viste at 4 av omsorgsbarna i kontrollperioden vart plassert i fosterheim innan familie/nær relasjon.

**Oppfølgingsbesøk:**

Barnevernstenesta har ikkje oppfylt kravet om stadlege besøk i fosterheim/oppfølging av barnet i kontrollperioden. Kravet er 4 besøk i fosterheimen pr år, alternativt 2 besøk for dei som er har vore plasserte i meir enn to år. I 2013 var det manglar i oppfølging for 4 av 6 omsorgsbarn, i 2014 var det manglar ved 8 av 11 omsorgsbarn og i 2015 var det ikkje tilfredsstillane oppfølging av 9 av 10 omsorgsbarn.

**Politiattest:**

Kontrollen på stikkprøvebasis syntte at rutinen kring innhenting av politiattest fungerte, men det er ikkje etablert rutine for makulering når arbeidsforholdet er avslutta.

Volda kommune har plassert sine omsorgsbarn også i andre kommunar, og det er ikkje vurdert desse kommunane sine rutinar i høve innhenting av politiattest, då tilsynsansvaret ligg til opphaldskommunen/fosterheimskommunen og ingen krav til at omsorgskommunen skal bli orientert.

Iflg forskrifta skal politiattestane oppbevarast så lenge vedkomande er tilsett i oppdraget, og deretter makulerast.

**3.3.3 Konklusjon**

Kommunen har tilfredstillande rutinar i høve utarbeiding av tiltaksplanar, men planar mangla i ei av sju saker.

Ved seks av sju omsorgsovertakingar i kontrollperioden var det sett i verk eit eller fleire tiltak over tid i heimen før omsorgsovertaking. Det ligg utanfor dette prosjektet å vurdere type tiltak og omfang.

I ei sak var det ikkje sett i verk tiltak før omsorgsovertaking. I denne saka har omsorgsovertakinga vorte omgjort til hjelpetiltak etter eit år, og er fortsatt eit hjelpetiltak.

Det mangla omsorgsplanar for ei av sju omsorgsovertakingar.

Det låg føre lite eller ingen informasjon i høve tiltak eller oppfølging av opphavlege foreldre/heim etter omsorgsovertakinga. Av dei 7 omsorgsovertakingane i kontrollperioden var 4 plasserte i familie/nære relasjonar.

Barnevernet si lovpålagte oppfølging av fosterheim/omsorgsbarn har ikkje fungert tilfredsstillande etter gjeldande regelverk, då barna(fosterheimane) ikkje har hatt tilstrekkeleg med årlege oppfølgingsbesøk. Iflg. barnevernsleiar er det i 2016 sett i verk tiltak kring dette.

Politiattest i høve fosterheimsplasseringar der det interkommunale barnevernet v/Volda kommune er oppdragstakar vert innhenta og oppbevart, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

## 4 PROBLEMSTILLING 2:

### Fylgjer kommunen regelverket mht. tilsynsførarrolla ?

#### 4.1 Innleiing

Tilsyn og kontroll i høve barn i fosterheim, er ei svært viktig oppgåve for barnevernet og tilsynsførar. Dette for å følgje opp korleis barnet har det etter at det er fatta vedtak om omsorgsovertaking og vert plassert i ny heim/institusjon. Kontrollen omfattar rutinane kring regelmessig tilsyn og kontroll ved fosterheimen, samt tilsynsførar si rapportering til barnevernet. Barnevernet i fosterheimskommunen har ansvar for at tilsynsførar vert oppnemnde og at det vert utført tilstrekkeleg med lovpålagte tilsyn.

Tilsynsførar skal ha ei uavhengig rolle i forhold til både fosterfamilie og barnevern.

Rapporten tek utgangspunkt i fosterheimsforskrifta som var gjeldande fram til 2014, då kommunen ikkje har endra praksis.

#### 4.2 Revisjonskriterium

##### 4.2.1 Tilsynsførar-tilsyn med barn i fosterheim

Det er barnevernstenesta i fosterheimskommunen som har ansvaret for at det blir ført tilsyn, og skal umiddelbart etter fosterheimsplassering oppnemne tilsynsførar. Alle born som er plassert i fosterheim skal ha ein tilsynsførar, og det skal gjennomførast tilsyn frå tidspunktet omsorgsovertakinga skjer fram til barnet har fylt 18 år. Ved oppnemning av tilsynsførar bør barn over 7 år få høve til å uttale seg før tilsynsførar vert valt.

Tilsynet har som formål å kartlegge og vurdere korleis fosterheimen fungerer og omsorga barnet får i fosterheimen, for å sjå om føresetnadane for plasseringa vert følgt opp.

Tilsynsførar skal føre tilsyn med barnet så ofte som nødvendig og minimum fire gongar pr år. Første besøk skal skje så raskt som mulig etter plassering, og anbefalt innan 14 dagar. Tilsynsførar skal etter kvart besøk skrive rapport frå besøket. Rapporten skal sendast til barnevernstenesta i den kommunen som har ansvaret for at tilsyn vert utført. Dersom dette er ein annan kommune enn omsorgskommunen skal det sendast kopi til omsorgskommunen.

##### 4.2.2 Tilsynsførar-tilsyn med barn i institusjon

I forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjon går det fram av § 3 at «fylkesmannen i det fylket institusjonen ligger har ansvaret for at det blir ført tilsyn i overensstemmelse med denne forskriften». Tilsynsmyndigheita skal sjå til at institusjonen tek i vare dei føresetnader som ligg til grunn i barnevernstenesta eller fylkesnemnda sine enkeltvedtak for det enkelte barn. Ved tilsynet skal tilsynsmyndigheita ha kontakt med det enkelte barn, og når alder/modning tilseier det skal barnet spørjast om sitt syn på opphaldet.

Det skal vere minst fire besøk pr. år, derav to uanmeldt. Tilsynsrapport skal sendast institusjon og statleg regional barnevernsmyndigheit. Omsorgskommunen får ingen rapport.

### 4.2.3 Tilsynsførar-uavhengigheit, politiattest og rapportering

**Av retningslinjer for fosterhjem kap. 12 går det fram av 12.3 at:**

*Tilsynsføreren skal ha en uavhengig rolle i forhold til barneverntjenesten og fosterforeldrene, jf. fosterhjemsforskriften § 8, tredje ledd. Det er barneverntjenesten som oppnevner tilsynsførere og tilsynsførerordningen er administrativt knyttet til barneverntjenesten. Ut over dette bør tilsynsfører ikke ha noen tilknytning til barneverntjenesten. Det er således som en hovedregel ikke adgang til å oppnevne ansatte i barneverntjenesten som tilsynsførere. Rent unntaksvis, dersom det ikke er mulig å finne kvalifiserte tilsynsførere som ikke har tilknytning til barneverntjenesten, vil det kunne være mulig å oppnevne en tilsynsfører som er ansatt i barneverntjenesten. Det er som en hovedregel heller ikke adgang til å oppnevne slekt, venner eller bekjente av fosterforeldrene som tilsynsførere.*

Fosterheimsforskrifta §§ 8 og 9 gir vidare informasjon om korleis tilsynet skal utførast.

#### Tilsynsførar krav til politiattest

Forskrift til politiattest § 4:

*Kommunen skal kreve politiattest etter barnevernloven § 6-10 første ledd fra personer som skal utøve tilsyn med barn i fosterhjem etter barnevernloven § 4-22.*

#### Tilsynsrapportar - innhald:

Krav til innhald i tilsynsrapportane er heimla i fosterheimsforskrifta § 9. Rapporten skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon, og kva forhold vurderingane bygger på, og om det har vore samtaler med barnet (det skal leggst til rette for samtale utan at fosterforeldra er tilstade).

#### Oppsummering

- Barn i fosterheim skal ha oppnemnd tilsynsførar, og det skal gjennomførast minimum fire tilsyn pr. år av tilsynsførar. Når barnet har fylt 15 år kan tal besøk reduserast til 2 gongar pr. år forutsatt at omsorgskommunen har samtykka
- Barn plassert i institusjon har ikkje krav om eigen tilsynsførar, men Fylkesmannen i institusjonskommunen har ansvar for tilsyn med institusjon og barn. Tilsynsrapport går til statleg regional barnevernsmyndigheit
- Det skal skrivast rapport frå tilsynsbesøket i fosterheim, og som skal gå til omsorgskommunen
- Tilsynsførar bør ikkje ha tilknytning til barnevernet eller fosterforeldre
- Tilsynsførar må legge fram politiattest
- Tilsynsrapportane skal innehalde ei vurdering av barnet sin situasjon. Kva forhold desse vurderingane bygg på, og om det er lagt til rette for åleine samtalar med barnet.

## 4.3 Tilsynsførarrolla

### 4.3.1 Kontroll av tilsynsførarordninga

Kommunen har tilsynsansvar for 34 barn pr. 31/12-2015, av dette 3 omsorgsbarn frå Volda kommune og 31 barn frå andre kommunar

Kommunen har pr 31/12-2015 plassert 7 omsorgsbarn i andre kommunar og desse har fått oppnemnd tilsynsførar av fosterheimskommunen. Barnevernstenesta har eit eige tilsynsansvar med fosterheimen i desse tilfella ( sjå eige pkt 3.3.4). I tillegg er 2 plassert i institusjon, og for slike plasseringar gjeld ikkje ordninga med tilsynsførar.

Tabellen nedanfor viser tilsynsbesøk utført av oppnemnd tilsynsførar:

**Tilsynsbesøk – tilsynsbarn i Volda kommune:**

Klientn	Omsorgskommune	Fosterheimskommu	Tilsynsrapportar- tilsynsførar		
			2015	2014	2013
1	Volda	Volda	2	4	
2	Volda	Volda	4	3	
3	Volda	Volda	2	1	0
4	Klæbu	Volda	0	ia	ia
5	Skodje	Volda	4	4	9
6	Stranda	Volda	4	4	
7	Sula	Volda	3	7	
8	Ålesund	Volda			
9	Selje	Volda	4	5	3
10	Selje	Volda	4	5	3
11	Vanylven	Volda	0		
12	Fræna	Volda	3	4	3
13	Fræna	Volda	3	4	3
14	Ålesund	Volda	4	1	1
15	Ålesund	Volda	2	0	0
16	Ålesund	Volda	2	0	0
17	Ålesund	Volda	5	0	0
18	Ålesund	Volda	3	2	1
19	Ålesund	Volda	3	2	1
20	Steinkjer	Volda	4		
21	Vanylven	Volda	0	0	2
22	Sande	Volda	4	4	2
23	Sande	Volda	4	4	2
24	Haram	Volda	2	2	0
25	Skodje	Ørsta	3		
26	Vanylven	Ørsta	2	0	2
27	Ålesund	Ørsta	4	4	4
28	Ålesund	Ørsta	4	3	4
29	Sandefjord	Volda	4	4	4
30	Sandefjord	Volda	4	4	4
31	Ålesund	Ørsta	3	0	0
32	Ålesund	Ørsta	3	0	0
33	Ålesund	Ørsta	2	1	2
34	Ålesund	Ørsta	1		

Dei som framstår med raud skrift har hatt for lite tilsyn, og tabellen tek hensyn til ev. plasseringar midt i året.

#### Omsorgsbarn i andre kommunar:

Klient	Omsorgskommune	Fosterheimskommune	Tilsynsrapportar- TF		
			2015	2014	2013
1	Volda	Hareid	2	2	1
2	Volda	Nordfjord	4	3	
3	Volda	Nordfjord	5	3	
4	Volda	Over 18		4	
5	Volda	Giske	1	0	3
6	Volda	Giske	1	0	3
7	Volda	Ålesund	2	0	1
8	Volda	Ålesund	2	3	4

Dei som framstår med raud skrift har hatt for lite tilsyn, og tabellen tek hensyn til ev. plasseringar midt i året.

Det er ikkje etablert rutiner for å dokumentere uavhengigheit.

Politiattest vert ikkje registrert i journal på klient, men ligg i mapper på oppdragstakar. Dette er kontrollert på stikkprøvebasis.

## 4.4 Vurdering

### Tilsynsbesøk:

Kommunen hadde tilsynsansvar med 34 barn som er plasserte i Volda kommune pr 31/12-2015, men ei av sakene gjeld plassering 15/12 og tilsyn kjem derfor ikkje før i 2016. Alle tilsynsbarn som er plasserte i Volda har oppnemnd tilsynsførar pr. 31/12-15, men i fleire tilfeller har det gått lang tid frå plassering til oppnevning av. Regelverket anbefalar at første tilsyn bør finne stad innan 14 dagar.

Tilsyn av uavhengig tredje person er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Tilsynsførar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året.

Kontrollen avdekka at under halvparten har hatt tilfredsstillande tilsynsbesøk i 2015, i 2014 var det også under halvparten. Dette var ei klar forverring i forhold til år 2013, då det var tilfredsstillande tilsynsførarordning i over to tredjedelar av sakene. Oversikta viser at tre barn ikkje har hatt tilsyn i det heile teke i 2015, og det eine barnet hadde heller ikkje tilsyn i 2014. Dei to andre har kome til kommunen i 2015, hhv i juni og november.

Volda kommune hadde plassert 8 barn i andre kommunar som kjem inn under tilsynsførarordninga (institusjonsplasserte skal ikkje ha tilsynsførar), der ein var over 18 år i 2015. 5 av 7 har ikkje hatt tilfredsstillande tilsyn frå fosterheimskommunen i 2015, og 4 av

desse har heller ikkje hatt tilfredsstillande tilsynsordning noko år i vår kontrollperiode. 3 av desse barna var heilt utan tilsynsførarbesøk i 2014. Samla var det 7 av 8 omsorgsbarn som ikkje hadde tilfredsstillande tilsyn frå fosterheimskommunen i 2014, medan tilsvarande tal for 2013 var 4 av 5. Dette viser at tilsynsførarordninga ikkje har fungert for fleirtalet av borna det enkelte år, og verst var det i 2014. Det er likevel snakk om berre ei lita bedring for 2015.

Fleire av omsorgsbarna har hatt lite tilsyn både frå barnevernet og tilsynsførar, men det er ikkje avdekka omsorgsbarn som har vore utan tilsyn frå nokon av instansane eit år. Det er imidlertid avdekka tilfeller av at barn ikkje har hatt tilsyn frå barnevernet, og kun 2 tilsyn frå tilsynsførar og motsatt. Ser ein på begge ordningane skal det minimum vere 8 oppfølgingar/tilsyn i året (dersom det ikkje er gjort vedtak om reduksjon). I 2015 hadde 6 av 10 frå 2 til 4 besøk, medan ingen hadde 8 slik regelverket tilseier.

Volda kommune skal ha kopi av alle tilsynsrapportar der borna er plasserte i andre kommunar, og ein må anta at det derfor ikkje er gjennomført fleire tilsynsbesøk enn det som er registrert/ligg føre. Volda kommune skal ha kopi av alle tilsynsrapportar for omsorgsbarna som er plasserte i andre kommunar, og har ansvar for å følgje opp rapporten og umiddelbart sørge for å følgje opp forhold som gir grunn til bekymring. Dette er eit viktig ansvar for å sikre barnet sitt behov. Det er viktig at barnevernet følgjer opp og purrar på manglande tilsyn hjå fosterheim også utanfor eiga kommune, sjølv om det er fosterheimskommunen sitt ansvar å oppnevnte tilsynsførar og få ordninga til å fungere.

#### **Tilsynsførarordninga – uavhengigheit - politiattest**

I flg. fosterheimsforskrifta skal tilsynsførar ha ei uavhengig rolle i forhold til både barnevernstenesta og fosterheimen. Barnevernsleiar opplyser at dei ikkje har noko form for å dokumentere tilsynsførar si uavhengigheit. Det er derfor uråd å kontrollere om tilsynsførar er tilstrekkeleg uavhengig.

I flg. barnevernsleiar er kommunen si rutine at barnevernskonsulentane har ansvar for å krevje politiattest . Kontorpersonale ved barnevernet registrerer motteken attest ved å hake av i fagsystemet Familia, samt handsame attesten etter gjeldande regelverk om oppbevaring/makulering. Attesten skal registrerast som innkomen post i Familia. Politiattestane vert oppbevart på mappene til oppdragsansvarleg i lag med teiepliktskjema, timelister m.v. ( same prosedyre som ved fosterheim og besøksheim og liknande.) Det er ikkje etablert rutine for makulering av attestane når oppdragstakar sluttar.

Barnevernsleiar har opplyst at dei vil innføre uavhengigheitserklæringar frå 2016, og innhente politiattestar.

#### **Tilsynsrapportar:**

Rapportane skal gi ei vurdering av barnet sin situasjon. Det skal gå fram kva vurderingane av barnet sin situasjon bygg på, og om det har vore samtaler med barnet. Det skal leggst til rette for samtale med barnet utan at fosterforeldra er tilstade, når alder og kommunikasjon

gjer dette muleg. Det vart brukt forskjellige malar av tilsynsførarane, der det var ferdig utarbeida ledetekstar. Ikkje alle dekker krava til innhald i rapportane, m.a. manglar det i enkelte tilfelle opplysningar om kor vidt det har vore samtalar med barnet utan andre tilstade. Enkelte rapportar er «tynne» medan andre er fyllestgjerande, og dette skil seg frå tilsynsførar til tilsynsførar. Barnevernet bør følgje opp at rapportane har tilfredstillande innhald slik at barnevernet som har omsorgsansvar kan vurdere om fosterheimen fungerer tilfredstillande .

### 4.3.3 Konklusjon

Barnevernet si oppfølging av tilsynsførarordninga av barn plasserte i fosterheim i Volda kommune vert ikkje tilfredsstillande fylgt opp, då meir enn halvparten av tilsynsbarna ikkje har fått dei rettmessige tilsyn i 2015 og 2014. Barnevernet må også vurdere om rutiner for oppnevning av tilsynsførar i eiga kommune er god nok då kontrollen viser at det i ein del tilfeller går lang tid mellom plassering og oppnevning.

Oppfølging av kommunen sine omsorgsbarn som er plasserte i fosterheim i andre kommunar har heller ikkje vore tilfredsstillande. Barnevernstenesta må derfor skjerpe rutinane kring oppfølging av tilsynsførarar.

Det er relativt stor variasjon på kvaliteten på tilsynsrapportane. Omsorgskommunen har ansvar for å følgje opp ev. forhold som kjem fram i rapportane, og det er derfor viktig at rapportane sitt innhald er dekkande for intensjonen med tilsynsordninga bl.a. samtalar med barnet. Manglande rapportar/tilsyn må følgjast opp.

Det vart ikkje dokumentert eigenvurderingar eller andre tiltak m.o.t. vurdering av tilsynsførar si uavhengigheit til barnevern og fosterforeldre, og det er derfor ikkje muleg å kontrollere om tilsynsførarane er tilstrekkeleg uavhengig både barnevernstenesta og fosterheimane.

Kommunen har rutinen kring innhenting av politiattestar, men kommunen må tilpasse seg forskrift om politiattest § 8 når det gjeld makulering.

## 5 ARBEIDSGODTGJERSLE OG UTGIFTSDEKNING – fylgjer kommunen regelverket

### 5.1 Innleiing

Kommunane sentralforbund (KS) gir kvart år ut veileiande satsar for arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning. Arbeidsgodtgjersla er skattepliktig for mottakar, men utgiftsdekninga er skattefri forutsett at ein nyttar KS sinesatsar. Utbetaling utover KS-satsar må dokumenterast særskilt, og grunngevast. Vi har registrert at det vert dekkja utgifter utover KS-satsar, og etter innspel vil vi kartlegge omfanget av dette, og evt. bruk av frikjøp i arbeid i staden for arbeidsgodtgjersle. I denne samanheng ser vi berre på utbetalingar for 2015.

## 5.2 Revisjonskriterium

### KS veiledende satser for fosterhjem per barn per måned fra og med 1.juli 2014

Alder	Utgiftsdekning	Arbeidsgodtgjøring	Samlet godtgjøring
0-6	4 766	7 440	12 206
6-11	5 920	7 440	13 360
11-15	6 470	7 440	13 910
15 år og eldre	7 030	7 440	14 470

### KS veiledende satser for fosterhjem per barn per måned fra og med 1.juli 2015

Alder	Utgiftsdekning	Arbeidsgodtgjøring	Samlet godtgjøring
0-6	4 870	7 600	12 470
6-11	6 040	7 600	13 640
11-15	6 600	7 600	14 200
15 år og eldre	7 175	7 600	14 725

I flg. BUF dir. ( Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet) kan det i ei overgangsperiode ver behov for forsterking og tettast oppfølging av barnet ved t.d. frikjøp frå arbeid for fosterforeldre. Det går fram av eksempelsamling at det dette er å vurdere som arbeidsgodtgjersle og er skattepliktig.

## 5.3 Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning - fakta og vurdering

### 5.3.1 Fakta

I utgangspunktet skulle undersøkinga belyse total kostnader pr. fosterbarn. Det interkommunale barnevernet/Volda kommune brukar ikkje økonomidelen av Familia, og heller ikkje mulegheitene som er i Agresso der arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning vert registrert fortløpande og dei fører heller ikkje manuelle «klientkort». Barnevernsleiar opplysar at det no er iverksett ein prosess for å ta i bruk økonomidelen i Familia.

Det er litt ymse korleis dette vert gjort i dei andre kommunane på Søre Sunnmøre og det er derfor ikkje muleg å få noko samanlikninga med andre kommunar over totale kostnader pr omsorgsbarn, men vil samanlikna omfang av utgiftsdekning, arbeidsgodtgjersle og frikjøp i arbeid så langt dette er muleg.

KS kjem med nye satsar gjeldande frå 1.juli kvart år. Tabellen nedanfor viser fosterheimsgodtgjersle etter statens satsar, kommunen si utbetaling av fosterheimsgodtgjersle og frikjøp av fosterheim som er utbetalt direkte eller til arbeidsgivar. Det er teke omsyn til antal månader for dei som har hatt redusert år. I denne oppstillinga er det også med godtgjersle til fosterheimar etter frivillig plassering, sjølv om dette vert definert som hjelpetiltak.

## Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning 2015 – Volda barnevern

Klient	KS-sats arb.godtgj.	KS-sats utg.dekn.	Utbet arb.godt.	Utbet utg.dekn.	Frikjøp	Sum kostnad	Arb/frikjøp/ utg.dekn utover KS- sats
(65, 72, og Ste	270 720	248 880	693 709	352 605		1 046 314	526 714
42,34	180 480	156 840	595 680	274 860		870 540	533 220
32	90 240	71 760	180 480	69 452		249 932	87 932
37	90 240	85 230	180 480	135 745		316 225	140 755
55	90 240	78 420	410 261	78 420		488 681	320 021
13	90 240	85 230	451 080	85 230		536 310	360 840
152	90 240	71 760	285 600	85 230		370 830	208 830
96 eller 105	150 400	119 500	254 754	119 500		374 254	104 354
11	90 240	85 230	270 720	85 230		355 950	180 480
82	90 240	85 230	172 880	85 230		258 110	82 640
49 eller 52	90 240	85 230	180 480	85 230		265 710	90 240
3	90 240	85 230	90 240	85 230		175 470	-
79	90 240	85 230	90 240	85 230		175 470	-
74	90 240	85 230	90 240	12 000		102 240	-73 230
6	90 240	78 420	287 940	126 790		414 730	246 070
186	90 240	57 816	91 200	57 816		149 016	960
Sum	1 774 720	1 565 236	4 325 984	1 823 798	-	6 149 782	2 809 826

Tabellen tek hensyn til reduserte satsar KS der det er gjort plassering i året (2015).

Kommunen har i tillegg 2 born plassert i institusjon, og kostnader til desse plasseringane er ikkje med.

Tabellen ovanfor viser kommunen sine utgifter til arbeidsgodtgjersle, utgiftsdekning og frikjøp som kommunen har omsorg for eller som er frivillig plassert eller på etterven. Totalt utgjær kostnadane kr. 6.149.782,-, herav kr. 4.325.984,- i arbeidsgodtgjersle og kr. 1.823.798,- i utgiftsdekning. Kommunen har ikkje kostnader til frikjøp.

Samla utbetalingar utover KS sine satsar er kr. 2.809.826,-.

Det er i tabellen ikkje teke med kostnadar til avlastning/besøksheimar då det har vore vanskeleg å få fullstendig oversikt over dette.

**Samanlikning med andre kommunar:**

**Arbeidsgodtgj. og utg.dekn utover KS-sater pr barn****Kommunane på Søre Sunnmøre**

Utbetaling til fosterfamilie	*barn	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	1	251476	91946		130904	386510	526714	181600
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	2	128105	229905		0	209551	533220	45120
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	3	348431	424122		353010	184130	87932	164926
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	4	4170	90240		492324	181680	140755	0
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	5	522298	0		172945	103478	320021	488190
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	6	8149	347728		172385	90240	360840	180360
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	7	16574	287080		220750	314556	208830	0
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	8	5099	-18180		220750	60582	198784	129450
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	9		242760		128064	61160	180480	65407
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	10		-17468		90240		82640	157680
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	11		-17468		137998		90240	329962
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	12		153966		52756		0	272678
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	13		-1385		93690		0	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	14				22334		-73320	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	15				275712		246070	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	16				0		960	
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	17				0			
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats	18				280264			
Arb.g.gjersle/utg.dekn/frikjøp utover KS sats pr barn		1284302	1813246	0	2844126	1591887	2904166	2015373
		160538	139480	0	158007	176876	181510	177254

\* Barn plassert hos familie som ikkje mottek arb.g.gjersle er halde utanfor

Tabellen viser meirutbetalinga utover KS-sine satsar for det einsskilde omsorgsbarn i dei respektive kommunane. Samla utbetalingar for kvar kommune, og gjennomsnittleg meirutbetaling pr. omsorgsbarn. Hareid kommune har ei meirutbetaling på ca 140` i gjennomsnitt pr. omsorgsbarn. Sande kommune har ikkje meirutbetaling, og Volda har mest meirutbetaling med ca. 180` i gjennomsnitt pr. omsorgsbarn.

### 5.3.2 Vurdering

Kostnadar utover KS sine satsar utgjer i overkant av 2,8 mill. og gjeld utbetaling til 17 av dei 21 omsorgsbarna. Det er då ikkje medrekna utgifter til kjøp av klede , utstyr, dekking av barnehage/SFO, feriereisetilskot o.l utbetalt til fosterforeldre. I tillegg kjem kostnader for dei som er i institusjon.

I Volda er det berre 4 av 21 som har arbeidsgodtgjersle iht KS sine satsar. Her er store variasjonar; den høgaste utbetalinga er 451' og 410' for eit barn, fleire har mellom 254' til 297' pr barn og andre igjen har rundt 180' for eit barn. Høgaste arbeidsgodtgjersle utbetalt til same fostermor er på 693', men denne familien har tre fosterbarn. Ei fostermor har utbetalt 595' for to fosterbarn.

Når det gjeld utgiftsdekning er det 10 av 21 som har dekning etter KS sine satsar, og 1 som har under KS-sats (kan ha samanheng med oppseiing av engasjementet fordi fosterheimen då har lønn i oppseiingstida medan utgiftsdekninga vert stoppa). For dei som har ekstra utgiftsdekning varierar utbetaling utover KS-sats frå 35'-59'. Utbetaling utover KS- sats for utgiftdekning skal grunnjevast og med særskilt dokumentasjon for å kunne utbetalast skattefritt. Vi har ikkje vurdert dette nærare no, då det ikkje inngår i prosjektet.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn høgast i Volda med eit snitt på 181'. Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetalingar pr. barn lågast i Hareid (snitt på 139') med unntak av Sande som ikkje betaler ut meir enn KS - sine satsar. Volda kommune har ikkje etablert rutinar for

registrering av alle utgifter pr. fosterbarn, og det er derfor ikkje muleg å samanlikne kommunane sine totale kostnader i høve omsorgsovertaking.

BUF dir. dekker utbetalingar utover kommunal eigenandel på kr 30.600 pr mnd (2015) m.o.t. arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning, men legg til grunn at ved frikjøp frå arbeid skal det ikkje betalast arbeidsgodtgjersle i tillegg.

### 5.3.3 Konklusjon

Det er betalt ekstra arbeidsgodtgjersle utover KS sine satsar ved 17 av 21 tilfelle med tildels betydelege beløp og samla utbetaling utover standardsatser utgjør kr. 2.551.264,-.

Når det gjeld utgiftdekning er det utbetalt utover KS-sats i nær halvparten av tilfella, utbetaling utover KS-sats varierar frå 35'-59' pr barn.

Samanlikna med dei andre kommunane er gjennomsnittleg meirutbetaling pr. barn høgast i Volda.

## 6 SAMANLIKNING MELLOM KOMMUNANE PÅ SØRE SUNNMØRE

### 6.1 Innleiing

Barnevernet i kommunane rapporterer til Fylkesmannen 2 gangar pr. år (pr 30/6 og 31/12), og til SSB/KOSTRA ein gang pr. år (pr 31/12). Rapporteringa til Fylkesmannen skjer ved at barnevernet legg tala inn i rapporteringsskjema som ligg på Fylkesmannen si heimeside. Rapporteringa til KOSTRA skjer ved innsending av kryptert fil frå fagsystemet.

### 6.2 Fakta

#### 6.2.1 Stillingar

Barnevernstenesta i Volda er ein del av det interkommunale barnevernet mellom Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda, samarbeidet oppretta 01.01.2014 og lokalisert i Volda kommune. I kommunen si rapportering til Fylkesmannen går det fram at kommunen hadde 5 stilling i 2.halvår 2015, det same vart rapportert i 2. halvår 2014 og 4,4 stillingar pr. 2.halvår 2013.

Nedanfor har ein samanlikna innrapporterte tal til Fylkesmannen (raud) og KOSTRA (blå). Kontrollperioden er 2013-2015.

#### Rapportert Fylkesmann 2. halvår

	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta	Sum Interkomm. Barnevern	Arsmelding IK BV
2015	6,5	5	2	6,5	3,4	9,3	7,1	27,9	31,3
2014	7,5	5	2	6,5	3,4	8,3	6,1	25,9	
2013	7,1	4,4	2	6,5	3,4	7,6	6,4	24,9	

## Rapportert KOSTRA

	Herøy	Hareid	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta	Sum Interkomm. Barnevern	Årsmelding IK BV
2015	7,5	6	2,4	7,5	3,4	10,3	8,1	31,9	31,3
2014	7,3	6	2,2	7,5	3,4	8,8	9,5	31,8	
2013	7,1	4,5	1,8	6,5	3,4	7,5	7,3	25,8	

Samanlikning mellom SSB og fylkesmannen si rapportering viser avvik både i 2014 og 2015

Tabellen over viser kva den einssilde kommune har rapportert. For kommunane som inngår i det interkommunale barnevernet er det laga til ei sum kolonne for å sjå den rapporterte informasjon opp mot årsmeldinga til samarbeidet. I flg. årsmelding for 2015 var det 31,3 stillingar til den lovpålagte barnevernstenesta. Dette er tilnærma som rapportert til KOSTRA, men vesentleg høgare enn sum rapportert til Fylkesmannen. I tillegg har dei om lag 30 stillingar til arbeidet med einslege mindreårige flyktningar i Volda og Ørsta.

### 6.2.2 Nøkkeltal

I tillegg til stillingar vert enkelte nøkkeltal innrapportert både til Fylkesmannen og KOSTRA/SSB. Tabellane nedanfor viser nøkkeltal henta frå rapporteringa til Fylkesmannen (raud) og nøkkeltal frå KOSTRA/SSB (blå).

Samanlikning mellom tabellane viser avvik på dei fleste kontrollpunktene. Det var spesielt store avvik i rapporteringa for kommunane Ørsta og Hareid .

#### Nøkkeltal henta frå rapporteringa til fylkesmannen:

	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. Barnevern	Årsmel ding IKBV
<b>2015</b>									
Stillingar(fag+merkantil)	6,5	3,4	2	6,5	5	9,3	7,1	27,9	31,3
Gjennomgatte meldingar	53	23	21	44	70	65	82	261	
Henlagte meldingar	2	0	5	4	5	11	10	30	
Antal nye undersøkelser	51	23	16	40	65	54	72	231	255
Henlagte undersøkelser	23	15	3	22	38	27	48	135	
Vedtak om tiltak	19	15	6	12	17	35	27	91	
Total ant born i hjelpetiltak	69	16	20	47	29	85	74	235	169
Tiltaksplan	61	13	15	40	25	76	66	207	
Antal born under omsorg	10	7	2	16	15	12	14	57	59
Born med omsorgsplan	10	7	2	14	11	9	14	48	
Ant.born med tilsynsansvar	15	7	5	12	14	32	18	76	76
Akuttvedtak				2				2	

#### Nøkkeltal henta frå grunnlagsdata barnevern KOSTRA:

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. barnevern	Årsmelding IK BV
Stillingar( fag+ merkantil)	7,5	3,4	2,4	7,5	6	10,3	8,1	31,9	31,3
Antal nye meldingar	54	23	21	44	70	67	82	263	
Antal henlagte meldingar	2	0	5	4	6	11	10	31	
Antal nye undersøkelser	52	23	16	40	64	96	72	232	255
Henlagte undersøkelser	23	14	0	19	35	24	46	124	
Vedtak om tiltak	20	15	6	12	15	34	30	91	
Totalt antal barn i hjelpetiltak	70	16	20*	48	29	57	79	243	169
Barn med tiltaksplan	57	13	16	37	25	75	66	203	
Antal barn under omsorg	10	7	2*	15	16	14	13	58	59
Born med omsorgsplan	9	7		14	10	9	12	45	
Barn med tiltak nettv.sam	14	9	6		9	15	11	35	
m/andre tenester									

Vi har valt å nytte KOSTRA-rapporteringa som grunnlag for berekning av nokre nøkkeltal med unntak av Sande, der KOSTRA-rapportering manglar. Der vert det nytta rapporterte tal til Fylkesmannen.

Tabellen nedanfor viser anna relevant informasjon, som er henta frå KOSTRA-rapporteringa, og som vert nytta i våre berekningar ved samanlikning av kommunane.

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Antal barn med hjelpetiltak	88	29		65	42	115	94
Antal barn med omsorgstiltak	12	8		17	17	17	16
Antal barn med tiltak	100	37	25	82	59	132	110
Andel barn m /barnevernstiltak ift barn 0-17 år	5	6,2	5,1	3,9	4,9	6,8	4,6
Andel barn m /barnevernstiltak plassert 0-17 år	1,1	1,8		1,7	1,9	2,4	1,8
Innført intern kontroll i barneverntenesten	1	1	1	1	1	1	1
Benyttet brukarundersøkelse siste år	0	1	1	1	1	1	1
Barn 0-17 år	1999	595	487	2083	1207	1941	2375
Folkemengd	8972	3256	2559	8430	5189	8017	10677

### Berekn nøkkeltal på bakgrunn av grunnlagsdata i KOSTRA- rapportering :

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel nye meldingar pr barn 0-17 år (%)	2,7	3,9	4,3	2,1	5,8	3,5	3,5
Undersøkelser pr årsverk	6,9	6,8	6,7	5,3	10,7	5,4	8,9
Born m/tiltak pr årsverk	9,3	4,7	8,3	6,4	4,8	8,4	9,8
Born under omsorg pr årsverk	1,3	2,1	0,8	2,0	2,7	1,4	1,6
Undersøkelser pr barn 0-17 år (%)	2,6	3,9	3,3	1,9	5,3	2,9	3,0
Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år (%)*	3,5	2,7	4,1	2,3	2,4	4,5	3,3
Antal barn under omsorg pr barn 0-17 år (%)	0,50	1,18	0,41	0,72	1,33	0,72	0,55

## 6.3 Vurdering og konklusjon

Det er registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjeld bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det er vidare registrert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjeld utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som har same tal i begge rapporteringane.

Når det gjeld andel nye meldingar pr. barn 0-17 år så har Ulstein lågast, deretter Herøy, og Hareid har mest meldingar. Born med tiltak pr. årsverk er høgast i Ørsta, og med Herøy tett

under. Lågast er Vanylven og Hareid, men også her er det variasjonar mellom rapporteringane for alle kommunar unnateke Vanylven. Barn under omsorg pr. årsverk er høgast på Hareid, medan Sande er lågast. Avvik mellom rapporteringane gjer også utslag her.

Berekna nøkkeltal på bakgrunn av KOSTRA-rapportering viser at Hareid har mest undersøkingar i forhold til barn 0-17 år, med 5,3 % av barn i denne aldersgruppe. Ulstein lågast med 1,9 %, og dei andre på ca. 3%. Barn med berre hjelpetiltak, i denne aldersgruppa utgjer 3,5 % for Herøy, der Volda har mest hjelpetiltak med 4,5 %, og Ulstein og Hareid minst med hjelpetiltak ( 2,3/2,4 %). Våre berekningar samsvarar ikkje med Kostra då vi tek utgangspunkt i antal barn med hjelpetiltak, medan Kostra tek med også barna som har omsorgstiltak.

Når det gjeld barn under omsorg sett i forhold til antal barn i den aktuelle aldersgruppa, har Hareid flest barn under omsorg (1,33 % av born 0-17 år) medan Ørsta og Herøy har 0,5 %. Sande har lågast med berre 0,41 % av born mellom 0-17 år under omsorg.


Dei fleste kommunane bør gå gjennom rapporteringane til hhv Fylkesmann og KOSTRA, og vurdere kva som er årsak til avvika i rapporteringane. Siktemålet må vere å få lik rapportering.

## 7 DRIFTSUTGIFTER - barnevernstenesta

KOSTRA- tala i høve barnevernstenesta er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 244 «Barnevernsteneste», 251 «Barnevernstiltak i familien» og 252 Barnevernstiltak utanfor heimen». Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert til SSB og tala i tabellane på neste side er henta frå kommunen sitt rekneskap.

Oversikta nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter til barnevern pr. innbyggjar i alderen 0-17år for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en svak auke i netto driftsutgifter. Sande hadde dei lågaste utgiftene knytt til tenesta medan Vanylven hadde dei høgaste. Herøy hadde også relativt låge utgifter samanlikna med fylke og landsgjennomsnitt og kommunane på Søre Sunnmøre som inngår i den interkommunale barnevernstenesta (Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda).

Tidsserie



### 7.1 Rekneskapstal henta frå kommunane fordelt på funksjon

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala for 2015. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 244 barnevernstenesta, 251 barnevernstiltak i familien og 252 barnevernstiltak utanfor heimen. Ein har også samanlikna tala med utgiftene som går fram i KOSTRA. Som siste kolonnen i tabellen under viser, såg ein differansar mellom rekneskapstala og kva som har vore rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein på Hareid og i Vanylven. Det er uklart kva som skuldast den store differansen, men det kan ha samband med feilrapportering.

	Innbyggjarar 2015 0-17 år	244 Barnevern- steneste	Pr. innbyggjar	251 Barneverntiltak i familien	Pr. Innbyggjar	252 Barneverntiltak utanfor familien	Pr. Innbyggjar	SUM (244+251+252)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarappor- tering
Herøy	2021	4 525 762	2 239	3 430 216	1 697	5 151 367	2 549	13 107 345	6 486	6 482	4
Ulstein	2054	5 774 382	2 811	1 334 936	650	11 062 408	5 386	18 171 726	8 847	8 723	124
Ørsta	2390	5 733 745	2 399	1 798 131	752	10 544 459	4 412	18 076 335	7 563	7 744	- 181
Volda	1971	4 773 617	2 422	432 269	219	10 077 151	5 113	15 283 037	7 754	7 889	- 135
Hareid	1136	3 564 773	3 138	667 154	587	5 830 273	5 132	10 062 200	8 858	8 209	649
Sande	494	1 163 156	2 355	497 944	1 008	397 503	805	2 058 603	4 167	4 230	- 63
Vanylven	617	1 930 212	3 128	334 680	542	4 505 804	7 303	6 770 696	10 974	11 400	- 426

### 244 Barnevernsteneste

Funksjon 244 gjeld kostnader til drift av barnevernstenesta, dette gjeld bl.a. sakshandsaming som vert gjennomført av tilsette eller personell som er engasjert i barnevernstenesta, barnevernberedskap/barnevernsvakt, utgifter til sakkyndig bistand/advokat til utredning og saksbehandling, og utgifter til tolk. Hareid kommune brukte ca. 3,6 millionar, tilsvarende kr 3 138,- pr. innbyggjar i alderen 0-17år, og hadde dei høgaste kostnadane pr. innbyggjar. Sande og Ørsta hadde dei lågaste kostnader på funksjonen med hhv kr 2355,- og 2 399,- pr. innbyggjar.

### 251 Barnevernstiltak i familien

På funksjon 251 går det fram utgifter til tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til hjelpetiltak for barn og familie • Utgifter til plasser i sentre for foreldre og barn • Tiltaksstillingar i barnevernstenesta

Hareid kommune var blant dei med lågast kostnad med berre kr 667 154,- eller kr 587,- pr innbyggjar 0-17 år. Herøy brukte mest knytt til denne funksjonen med kr 1 697 pr. innbyggjar 0-17 år. Volda brukte minst med berre kr 219,- pr. innbyggjar.

### 252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet

Funksjon 252 viser utgifter til tiltak når barnet har plasseringstiltak frå barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til tiltak som fosterheim, akutt plassering, institusjon, bufelleskap. • Utgifter til hjelpetiltak satt i verk i tillegg til plassering • Tilsynsfører i fosterheim

Økonomisk rapportering viser motsett kostnadsbilde i forhold til funksjon 251. Sande og Herøy har dei lågaste utgiftene samanlikna med nabokommunane. Sande brukte berre 805,- kr pr. innbyggjar 0-17 år og Herøy brukte kr 2 549,-. Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda hadde alle ca. kr 4 400-5 400 pr. innbyggjar, og der Hareid brukte kr 5 132,- pr innbyggjar 0-17 år. Vanylven hadde dei høgaste kostnadane kr 7 303,- pr. innbyggjar 0-17 år. Det er ikkje undersøkt årsaka til dei store forskjellane, om dette kan vere tunge enkeltsaker eller ein generell trend.

## 7.2 Vurdering og konklusjon

KOSTRA-rapportering av økonomiske data frå kommunane viser at Hareid kommune nyttar kr 587,- pr. innbyggjar 0-17 år på barnevernstiltak i heimen, der Herøy kommune brukar mest med kr 1 697,- og Volda minst med kr 219,-. Når det gjeld barnevernstiltak utanfor heimen brukar Hareid kommune kr 5 132,- pr. innbyggjar 0-17 år, medan Vanylven brukar mest med kr 7 303,-, og Sande minst med kr 805,-. Samanlikninga kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (førebyggjande) får dette igjen i form av mindre omsorgsovertakingar. Omsorgsovertaking kan vere kostbart jfr tabell nedanfor.

Tabellen nedanfor viser kommunane sine utgifter til hjelpetiltak ( funksjon 251) og omsorgsplassering (funksjon 252) pr. barn under tiltak. Antal barn er henta frå KOSTRA-rapportering jfr tabell s 29 med unntak av Sande der rapportering til Fylkesmannen er lagt til grunn.

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. barnevern
Antal barn med hjelpetiltak	70	16	20	48	29	37	79	243
Antal barn under omsorg	10	7	2	15	16	14	13	58
Utgifter til hjelpetiltak (251) pr barn med tiltak	49003	20918	24897	27811	23005	4900	22761	19637
Utgifter omsorgsplassering(252) pr barn under omsorg	515137	643686	198752	737494	364392	713797	811112	658199

Berekninga viser at Volda hadde dei lågaste utgiftene knytt til hjelpetiltak pr barn med tiltak med kr 4 969,- medan Herøy hadde dei høgaste med kr 49 003 pr. barn under tiltak. Når det gjeld utgifter knytt til omsorgsplassering hadde Ørsta dei høgaste utgiftene med kr 811 112,- pr. barn med omsorgstiltak, medan Sande hadde dei lågaste utgiftene med kr 198 752,-. Volda kommune brukar lite på hjelpetiltak pr. barn med tiltak, og er blant dei med høgaste kostnad pr barn som er omsorgsplassert (Ørsta og Ulstein har høgare kostnader).

## 8 ANBEFALING

- 7 Barnevernstenesta må etablere rutiner som sikrar at det vert utarbeida omsorgsplanar for alle omsorgsbarn (førebels eller endeleg plan), det same gjeld tiltaksplan.
- 8 Det må vurderast om regelverket vert fulgt når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
- 9 Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
- 10 Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
- 11 Det bør etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert makulert etter opphør av tilsetjingsforholdet.
- 12 Rapporteringa til Fylkesmann og SSB ( KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.

## 9 RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

Rådmannen vil innleiingsvis presisere at det er viktig med fokus på dei ulike tenesteneområda gjennom forvaltningsrevisjon. Samtidig kan det vere greit å ta med seg at barnevernet er eit svært krevjande område å gjere faglege skjønsmessige vurderingar av kvalitet og praksis når dette skal gjerast utan å engasjere ekstern barnevernsfagleg kompetanse. Innanfor tilsynsordninga ligg dette til fylkesmannen og direktoratet.

Barnevernet opplever stadig større krysspress der ressursane må konkurrere om tid til barn og krav til oppfølging av forskrifter, tidsfristar og kontroll. Samtidig er dette ei teneste der store ressursar kan verte utløyste utan forutgåande planlegging der ein må handle akutt.

Det hadde vore ynskeleg at analysen kunne konsentrere seg om 2016 etter at vi har fått eit normalt driftsår for den nye felles barnevernstenesta. Det har vore ein stor prosess å samle fire barnevern til eitt, og drifta ber preg av at ein har hatt eit par år med implementering og interimstilstand. Åra 2014 og 2015 har såleis vore særskilt krevjande år. Erfaringar tilseier 2-3 år i ein slik omorganiseringsprosess.

Både Fylkesmannen og Rådmannen har sterkt fokus på rapportering på viktige parameter for tenesta, og dei siste rapportane frå barnevernstenesta viser positiv utvikling.

## 10 VÅRE KOMMENTARAR

Til avsnitt 1:

På generelt grunnlag vil vi presisere at det går ikkje inn under forvaltningsrevisjon å gjere skjønsmessige vurderingar av kvalitet og praksis når det gjeld barnevernet sine vurderingar og vedtak. Våre vurderingar bygg på kartlagte fakta som er framstilt i tabellane i rapporten, og som vi har henta frå dokumentasjon som er gjort tilgjengeleg for oss.

Til avsnitt 3:

Barnevernsområde er eit sær viktig område, og uavhengig av organisatoriske endringar må ein sikre at systemet til ei kvar tid fungerer iht gjeldande regelverk. Det er uheldig hvis endringsprosessar fører til manglande oppfølging slik at rettstryggleiken til barn/foreldre ikkje vert ivareteke.

Alle forvaltningsprosjekt vil få ei oppfølging etter ei gitt periode, og då vil denne gjennomgangen vise at alt er på plass.

## 11 LITTERATURLISTE

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova), 1992, sist endra 2015
- Forskrift om fosterheim (2003) Barne og familiedepartementet, sist endra i 2014\*
- Rutinehåndbok for barnevernstjenesten i kommunane, 2006
- Veileder: Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterhjem eller på institusjon, 2009
- Veileder: Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten, 2006.
- Veileder Tilsyn med barn i fosterheim 02/2015 (\*ikkje nytta pga at kommunen ikkje har endra praksis)